

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

Silje Hjemdal (FrP) sette fram slikt forslag:

«Endring av punkt 5:
Det er ikkje tillate å røykle på skulen sitt område.»

Tom Sverre Tomren (MGD) sette på vegner av MDG, A, Sp, KrF, SV, V, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalget ser at den nye fraværsregelen med dokumentasjonskrav på sykefravær med legeattest har store negative sideeffekter for mange elever og er vanskelig å praktisere praktisk. Fylkesutvalget ber derfor om egen sak på dette til fylkestinget.»

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, MDG, A, Sp, KrF, SV, V og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Saka vert sendt til handsaming i ungdommens fylkesutval før handsaming i fylkestinget.»

Røysting

Hjemdal sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, SV, Sp) og fall.

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 5 fekk 8 røyster (A, KrF, MDG, V) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget, Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkestinget

1. Gjeldande § 4 (3) tredje og fjerde setning vert sletta og erstatta av «Eleven skal ikkje få halvårvurdering med karakter eller standpunkt-karakter ved fravær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fravær i meir enn 10 prosent av timane i faget skuldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd i forskrift til opplæringslova. Dersom årsaka til fraværet gjer det klart urimeleg at fraværsgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fravær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjørda ligg hjå rektor (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd).»
2. Gjeldande § 4 (9) bokstav c første til og med fjerde setning vert sletta.
3. Siste setning i gjeldande § 4 (9) bokstav c om feriereiser vert flytta til ny § 5 (6) siste setning.
4. Følgande setning vert ny § 5 (6) nest siste setning: «Dersom eleven ikkje held avtalen om sjølvstendig studiearbeid, vert det ført fravær for timane i faget det gjeld.»
5. Gjeldande § 4 (8) bokstav g får tillegg «og ved all aktivitet i skulen sin regi.»